

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/8024-2

## **Statsbudsjettet 2015 - kap. 1429 post 71 freda bygg, fordeling av tilskot frå førehandsløyving for 2016 og omfordeling av midlar løyvd i 2014**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Tilskot frå førehandsløyvinga for 2016 vert fordelt på fyljande prosjekt:
  - a. Våningshuset på Nedre Kvamme i Lærdal                      kr. 900 000
  - b. Restaureringsleiar for freda bygningar                      kr. 100 000
  
2. Kr 100 000 som tidlegare er løyvt til istandsetjing av grunnmur på Hagevik Tønnefabrikk i Vågsøy kommune vert omfordelt til istandsetjing av dører og karmar, forsterking av opne/lukkesystemet i dører i 2 etg, vedlikehaldsarbeid på grue, vedlikehald av vindaugsbeslag og andre mindre tiltak på fabrikkbygningen.

#### Vedlegg:

Brev av 20. februar 2015 frå Riksantikvaren med tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 71

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Saksutgreiing til HK-sak 12/15 og 14/14

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### **Førehandstildeling for 2016 post 71**

I tildelingsbrevet frå Riksantikvaren om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 71 Freda bygningar, kulturmiljø og kulturlandskap for 2015 vart det og gjeve ei førehandsløyving på kr. 1 000 000 for 2016.

Ved å gje eigarar av freda bygningar ei tildeling for 2016 bidreg ein til ei langsiktig og føreseieleg planlegging av istandsetjingstiltak, samt sikring av framdrift i større istandsetjingsprosjekt. Tildelinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune er gjort på bakgrunn av vår søknad om tilskot frå post 71 for 2015.

I saksutgreiinga til HK-sak 12/15 vart førehandstildelinga for 2016 omtalt på fyljande måte:

#### **5. Førehandstildeling for 2016**

Føremålet med førehandstildelinga er å gje eigar av dei freda bygga som har store prosjekt føreseielege rammer. Fylkesdirektøren ynskjer å sjå korleis dei ulike prosjekta

utviklar seg i løpet av våren/sommaren 2015 for å best kunne vurdere kvar det er behov for ytterlegare finansiering i 2016. Den planlagte istandsetjinga av våningshuset på Nedre Kvamme i Lærdal har allereie peikt seg ut som eit prosjekt som bør få tilskot i 2016, men fylkesdirektøren vil likevel avvente utviklinga i dei andre prosjekta før det vert lagt fram eit framlegg til fordeling av førehandstildelinga for 2016.

### **Omfordeling av midlar løyvd i 2014 til Hagevik Tønnefabrikk**

I 2014 vart det i HK-sak 14/14 løyvd 300 000 kr til ferdigstilling av restaureringa av grunnmuren på Hagevik Tønnefabrikk. Istandsetjinga av grunnmuren har vore eit omfattande og komplisert arbeid som i tillegg har vore svært kostnadskrevjande og det har vore løyvd tilskot til dette over fleire år. I 2015 vart arbeidet med restaureringa ferdigstilt. Rekneskapen syner at det er 100 000 av dei løyvde midlane som ikkje er brukt og eigar ynskjer no å nytte desse midlane til andre istandsetjings tiltak på fabrikkbygningen.

I 2013 vart det i HK-sak 20/13 løyvd tilskot til grunnmuren samt istandsetjing av dører og dørkarmar på fabrikkbygningen, forsterking av opne/lukke systemet på ei dør i 2 etg. og vedlikehaldsarbeid på grua. Då arbeidet med grunnmuren var svært omfattande vart heile tilskotet for 2013 nytta til grunnmuren. No når grunnmuren er ferdigstilt ynskjer eigar å nytte det overskytande tilskotet frå 2014 til å gjennomføre dei ovannemnde tiltaka på fabrikkbygningen.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### **Førehandstildeling for 2016 frå post 71**

Eigar av Nedre Kvamme har starta arbeidet med å tilverke material til istandsetjinga av våningshuset og planen er at dette arbeidet skal starte opp i 2016. Våningshuset på Nedre Kvamme har i den oppdaterte tilstandsregistreringa frå 2014 fått overordna tilstandsgrad 3 – betydelege tiltaksbehov. Huset har behov for utbetring av taktekking, takkonstruksjonar og lafteverk. I 2014 vart torva på taket tatt av og det vart lagt inn ein spesialpresenning som ei mellombels sikring mot lekkasjar fram til istandsetjingsarbeidet kan starte. I tida etter har eigar starta arbeidet med å tilverke tømmer slik at ein er klar til å starte arbeide med istandsetjinga i 2016.

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dette arbeidet vert starta opp i 2016 som planlagt slik at bygningen ikkje treng å stå med ei mellombels taktekking lenger enn nødvendig. Arbeidet med istandsetjinga av våningshuset på Nedre Kvamme er kostnadsrekna til ca. 1 700 000 kr og vi må rekne med at det vil bli behov for ytterlegare tilskot til dette arbeidet i 2016 sjølv om eigar her kjem til å bidra betydeleg med materiale og å bistå handverkar under arbeidet. Dei andre store istandsetjingsprosjekta i fylket har pr. i dag unytta tilskot som dei kan bruke for å sikre vidare framdrift vinteren 2015/16.

### **Omfordeling av midlar løyvd i 2014 til Hagevik Tønnefabrikk**

Då arbeidet med grunnmuren på Hagevik Tønnefabrikk no er ferdigstilt ynskjer eigar å gjennomføre dei mindre istandsetjingstiltaka på fabrikkbygningen. Dei ovannemnde tiltaka har blitt utsett medan eigar har konsentrert seg om å få ferdigstilt grunnmuren. Etter at arbeidet med grunnmuren er ferdigstilt er fabrikkbygningen i forholdsvis god stand, men det er behov for å gjennomføre dei omsøkte tiltaka for å ferdigstille istandsetjingsarbeidet på fabrikkbygningen. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at desse tiltaka vert gjennomført slik at istandsetjinga av fabrikkbygningen vert ferdigstilt.

Over fleire år har eigar i tillegg gjort eit betydeleg arbeid med å tilpasse fabrikkbygningen til ny bruk og dei har i dag open dag der tønneproduksjon vert demonstrert, samt utleige til ulike arrangement. Ei ferdigstilling av restaureringsarbeida vil gjere at eigar i framtida kan konsentrere seg om det ordinære vedlikehaldet og utvikling av den nye drifta i fabrikkbygningen.

## **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår Hovudutval for kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegg til vedtak